

Møtereferat

Dato: 08.06.2015

Emne:	Møtereferat arbeidsgrupe HR HMT 270515		
Til stades:	Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Irene Næss, Gina H. Landro, Jorunn Bakke Johannesen, Frode Mannsåker og Rikke Richardsen.		
Forfall:			Sak: 2015/3577-4
Møtetid:	27.mai 2015 kl. kl 09-11	Møtestad: Wigandgården, møterom Krinkelkroken	

Møteleiar: Frode Mannsåker

Referent: Rikke Richardsen

1. Referat frå møtet 06.04.15: Godkjent utan endringar.

Frode innleia med å referere diskusjon om HR-omgrepet. Gruppa er samde om at omgrepet er OK, men at utfordringa framover ligg i å fylla det med innhald som gjer det meningsfylt og akseptabelt av alle parter i HFK-arbeidsmiljøet.

2. HMS-system sett frå skuleståstad.

Arthur Tøsdal informerte om HMS- systemet på Årstad vgs.

Opprinneleg permsystem IK - er no bygd om til digitalt system i Kvalitetsportalen. Eit oversikteleg dokument på 29 sider som skildrar organisasjonen, stillingar (funksjonskildringar) inkludert VO/HVO, brannrutinar/oppgåver inkludert prosedyre for risikovurdering av uønska hendingar innan brannberedskap, avvikssystem, risikomatrise + nokon prosedyrar (t.d. ryddestafett, reinhald, vernerunde-sjekkliste osv.) Lett å finne fram i. Kunne fungert som mal for skolane?

Resultat av kartleggingar (handlingsplaner/tiltaksplaner etter vernerundar, MU, osv.) er og lagt ut i Kvalitetsportalen og er tilgjengeleg for alle tilsette der.

Frode etterspurde mål for nærvær. Er ikkje sett opp eksplisitt, men skolen følgjer overordna HFK- prosedyrar.

På spørsmål om kva Arthur og Irene meiner er viktig at HR/HMT/BHT kan støtte einingane med:

- Mal for systematisering i til dømes Kvalitetsportalen
- Tilgjengelege rådgjeving/støtte-ressursar etter behov/på førespurnad innan både HR/HMT/BHT-fagområde
- Ein merkantil HR-system-støtte-person på kvar skole..... (tilsetjingar, reiserekningar, sjukefråværsoppfølging, osv.) mange digitale system – vanskeleg å ha nok kunnskap om alle innimellom alle fagoppgåvene.

Både Arthur og Irene meiner støtta må fokusere på å gjere det mogleg for leiarar og tilsette å gå frå å være ubevisst inkompetent til bevisst inkompetent....

Ide: Sjekke kva som ligg i Kvalitetsportalen på skolar/ einingar i dag – kva er fornuftig/kva kan overførast/brukast i ein ev. mal?

Irene stiller spørsmål om kva det inneber at det no ser ut til å vere avgjort at BHT blir ein seksjon under framtidig HR avdeling? Kva vil dette ha å seie for den «frie og uavhengige stillinga» og korleis kan det sikrast at den informasjonen og kunnskapen BHT samlar om organisasjonen blir brukt i vidare utviklingsarbeid?

Det var og ein diskusjon rundt organisering av AMU i fylkesadministrasjonen. Påstand: lite nyttig, for stort område, verkar framandgjørande både for leiarar og tilsette.

3. Planlegging av neste møte:

- **Arthur og Irene** ser på kva som kan standardiserast av info i kvalitetsportalen for sine einingar. HVO bidrar. Gina minner om at det er viktig å OGSÅ ha fokus på «dei mjuke verdiane» og få med noko rundt dette.
- **BHT representantar, Frode og HVO** førebur noko rundt fordeling av oppgåver og samhandling mellom HR/HMT og BHT på bakgrunn av kartlegginga (vedlagt innkalling til dagens møte) og diskusjonane vi har hatt til nå.

Neste møte blir onsdag 10.06.2015 kl.0900- 1100